


SANDØY KOMMUNE

VEDTEKTER

FOR

NÆRINGSFONDET

Pr. 15.06.06



Søknad om tilskot skal sendast til:

SANDØY KOMMUNE
Tiltaksnemnda
6487 HARØY

Desse vedtektene er utarbeidde på grunnlag av retningslinjer gjevne i vedtak i NM-sak 21/06 i Nærings- og miljøutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune.

§ 1 - Forvaltning av fondet:

Næringsfondet i Sandøy kommune er finansiert ved hjelp av løyvingar frå Fylkeskommunen, jfr. ovanfor.

Tiltaksnemnda skal fungere som styre for fondet.

Søknader om stønad frå fondet skal vere skriftlege, så langt det er praktisk mogleg på eige søknadsskjema. Dette er tilgjengleg på Sørvistorget på rådhuset, eller kan lastast ned frå kommunen si heimeside på : www.sandoy.kommune.no.

Søknader bør innehalde rekneskap, budsjett, aktuelle kostnadsoverslag, finansieringsplan, beskriving av forretningsideen og ei vurdering av marknaden. Krava til søknaden må tilpassast det einsskilde prosjektet.

Alle søknader om stønad skal avgjerast av styret for fondet etter tilråding frå administrasjonen. Tilrådinga skal skje utifrå ei kvalitetsmessig vurdering av det einsskilde prosjektet. Ved handsaming av kompliserte saker bør administrasjonen bruke fylkeskommunen og andre faginstansar til rettleiing.

Fondsmidlane skal plasserast på rentebærande konto slik at midlane er disponible til ei kvar tid. Budsjett og rekneskap for fondet skal vere integrert i rekneskap og budsjett for kommunen i samsvar med gjeldande forskrifter.

§ 2 - Stønadsformål:

Næringsfondet skal nyttast både til bedriftsretta tiltak og til generelle tilretteleggande tiltak i regi av kommunen eller andre typar organisasjonar.

Prosjekt som betrar sysselsetjingstilhøva for kvinner og ungdom skal prioriterast.

Ein kan gi støtte til følgjande formål:

**** Kommunalt tiltaksarbeid:***

T.d. næringsplanlegging på privat område, etablerarprosjekt, samarbeid skule/næringsliv, stadsutviklingsprosjekt, ulike utredningar/ analyser og marknadsføring av Sandøy kommune som etableringsstad.

**** Investeringar i bedrifter:***

T.d. utstyr/maskiner ved oppstarting og utviding av mindre bedrifter.

*** Bedriftsutvikling:**

Opplærings- og produktutvikling, marknadsundersøkingar og marknadstiltak, marknadsføring og planlegging.

*** Oppstarting av ny næringsverksemd - etableringsstipend:**

Ved oppstarting av ny næringsverksemd kan det gjevast eit etableringsstipend.

Stønadsformål:

Det kan løyvast stipend til planlegging og etablering av ei verksemd, dvs. at verksemda ikkje treng å vere registrert i Brønnøysundregistra for å få stønad. Det er likevel slik at berre maks. 50% av stipendet kan betalast ut før verksemda er registrert. Resten av stipendet kan utbetalast innan 6 mnd. etter at verksemda er registrert. Midlane kan nyttast til å dekkje levekostnader, kostnader knytte til konsulentoppdrag, marknadsundersøking, konsept- og produktutvikling og kompetansehøgding.

Stipend vert løyvd på bakgrunn av vurdering av kvar enkelt søknad. I prosjekt som har føresetnad til å skape varige og lønsame arbeidsplassar vil ein prioritere:

- kvinner, arbeidsledige og yrkeshemma

Stipendbeløp:

Maksimalt stipend som kan løyvast er kr 40.000,- pr. mottakar. Stipendbeløpet skal ikkje overstige 50% av kapitalbehovet. Maksimalt 50% av stipendbeløpet kan nyttast til aksjekapital. Etableringstipendet er eit personleg stipend som også vert skattelagd personleg.

*** Andre formål av betydning for utviklinga av næringslivet i Sandøy kommune.**

Begrensingar/ krav for stønad:

Det kan ikkje løyvast midlar til ordinær drift, inkludert finansiering av kommunen sine ordinære oppgåver i næringsutviklingsarbeidet.

Det kan ikkje gjevast stønad til fysiske infrastrukturiltak i kommunen.

Ein kan som hovudregel ikkje gje stønad til firma, nystarta eller eksisterande, som vidarefører aktiviteten til verksemder som nyleg har gått konkurs, nyleg vart lagt ned eller seld.

I saker der tilskot til investering vert gitt, kan kommunen krevje tilskotet tilbakebetalt dersom investeringsobjektet vert seld innan 3 år.

Ein kan ikkje gi stønad til gjeldssanering.

Søklarar som får tilskot på stønadsformer med krav om dokumentasjon på utgifter, må legge dette fram for rådmannen før utbetaling kan skje. Dette gjeld alle stønadsformer, unntatt for etableringsstipend. Dokumentasjon må leggest fram innan 1 år etter at tilsegnet vart gitt, med mogleg forlenging etter særskilt søknad.

§ 3 - Stønadformer:

Stønad kan gjevast som tilskot. Midlane kan ikkje nyttast til garantiar eller til kommunal aksjeteikning i private bedrifter.

§ 4 - Stønadsvilkår:

Samla stønad frå næringsfondet skal som hovudregel ikkje vere over 50% av kapitalbehovet til prosjektet. Om midlar frå næringsfondet kjem i tillegg til tilskot frå distriktpolitiske verkemiddel som vert forvalta av fylkeskommunen, skal samla stønad ikkje overstige desse grensene.

§ 5 - Kapitalbehov for prosjekta:

Vurdering ut over fastsatte grenser for kapitalbehov, vert gjort av fylkeskommunen i tilsegn om årleg påfylling av næringsfondet. Prosjekt med kapitalbehov innanfor desse grensene skal vurderast og evt. finansierast lokalt. Ei bedrift kan motta til saman 100.000 EURO i bagatellmessig stønad over ein tre-års periode. Treårsperioden vert rekna frå det tidspunktet ei bedrift mottek bagatellmessig stønad for første gong.

Dei nedanforståande grensene for kapitalbehov skal nyttast. Dei grensene som til ei kvar tid er bestemt av fylkeskommunen, skal også gjelde for Sandøy kommune sitt næringsfond. Maksimalgrensene vert avgjort av fylkeskommunen, jfr. ovanfor.

* Etableringsstipend	kr 50.000
* Bedriftsutvikling	kr 150.000
* Investeringar i bedrifter	kr 150.000
* Tiltaksarbeid	kr 250.000

Dersom eit bedriftsretta prosjekt inneheld fleire delelement vert grensa sett til kr 150.000.

§ 6 - Næringsplan:

Det er utarbeidd ein strategisk næringsplan for Sandøy kommune med mål, strategiar og tiltak for kommunen sitt arbeid innan næringsutvikling. Denne planen inneheld mål, strategiar og tiltak for kvinner og ungdom. Næringsplanen skal gå inn som ein del av kommuneplanen, og bør takast opp til drøfting i tiltaksnemnda kvart år i samband med årsmeldinga for næringsfondet. Behov for hovudrullering bør avgjerast av tiltaksnemnda. Planen er vedtatt av tiltaksnemnda i T-sak 1/92 og formelt godkjent av kommunestyret i K-sak 14/92.

§ 7 - Årsmelding og rekneskap:

Kommunen skal kvart år utarbeide ei melding om bruken av næringsfondet. Årsmeldinga skal innehalde rekneskap, prosjektoversikt og ei vurdering av bruken av fondet. Behovet for endra prioriteringar og retningsliner for framtidig bruk av fondet bør også vurderast.

Årsmeldinga skal handsamast av kommunestyret før den vert sendt over til fylkeskommunen.

Gratis svar på dine spørsmål innan 24 timar.



NARVIKTELEFONANE

BEDRIFTSTELEFONEN

800 33 840 Informasjon om innanlandske forhold.
Mogleg finansiering og offentlege krav m.m.

EUROPATELEFONEN

800 33 840 Informasjon om EU-finansiering, offentlege krav, EØS, Regelverk i EU m.m.

ETABLERERERTELEFONEN

800 33 840 For deg som ønskjer å starte eige firma.
Formelle krav, finansiering og offentlege krav m.m.

Sjå også : www.bedin.no
www.etablerer.no
www.innovasjon norge.no

Tips for søknad til næringsfondet !

Før søknaden vert skriven:

- Les gjennom vedtektene til næringsfondet fleire gongar.
- Sørg for å ha godt nok grunnlagsmateriale til utforming av søknaden.
- Kontakt næringskonsulenten i kommunen på førehand dersom det er noko du er usikker på i samband med skriving av søknad.

Dette skal være vedlagt søknaden:

- Aktuelle kostnadsoverslag, spesifisert.
- Finansieringsplan.

Sjå elles §1 i vedtektene!!

Ved nyetableringar:

- bør forretningsidèen vere godt beskriven.
- bør konkurransemessige forhold vere vurdert.
- bør ein ha ei formeining om aktivitetsnivået, dvs. kor mange årsverk som kjem ut av etableringa.
- bør ein aktivt bruke kommunen sitt søknadsskjema ved søknad supplert med naudsynte vedlegg.